



Vestland fylkeskommune

post@vlfk.no

Førde og Bergen, 4. november 2022

Denne fråsegna er sendt på vegne av Sogn og Fjordane Turlag, Bergen og Hordaland Turlag, Bergen og Omland Friluftsråd, Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane, Naturvernforbundet Hordaland, Forbundet Kysten ved Kystlaget Hornelen, Norges Jeger- og Fiskerforbund (NJFF) Sogn og Fjordane, Norges Jeger- og Fiskerforbundet (NJFF) Hordaland, og BirdLife Norge avd. Hordaland.

Regional plan for kultur, idrett og frivilligheit 2023–2035

Fråsegn frå Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane og Hordaland

Det er viktig med ein regional plan for kultur, idrett og friluftsliv, som inkluderer den viktige rolla frivilligheita har i regionen vår. Det er fantastisk å ha så mange tilbod innanfor kultur, idrett og friluftsliv som vi har i fylket vårt. Samstundes er det også mange som manglar tilbod og tilrettelagde aktivitetar for å få bli med i kultur, idrett og friluftsliv. Derfor set Forum for natur og friluftsliv i Sogn og Fjordane og Hordaland veldig stor pris på at ein slik plan blir laga, og at den grundig kartlegg kva tilbod, tiltak og anlegg ein skal kunne ha tilgang på i fylket og korleis våre tilslutta organisasjonar kan få støtte til sitt frivillige arbeid i fylket.

Oppsummert ønskjer vi vidare at:

- Friluftslivet skal prioriterast på lik linje med kultur og idrett, og at friluftslivet derfor også må inn i tittelen på planen.
- Planen må ha større fokus på rekruttering og mobilisering av frivilligheit i fylket.
- Planen må fokusere endå meir på integrering og medverknad frå folk i alle aldrar.
- Planen i større grad må ta omsyn til at interessa for å drive med frivillig arbeid har endra seg og kan endre seg. Frivilligheit er ein føresetnad både for kultur, idrett og friluftsliv.
- Det blir understreka meir tydeleg at friluftsliv er knytt direkte opp til folkehelse og identitet hjå befolkninga i fylket.



- Planen i større grad tar omsyn til kor viktig naturområda er for friluftslivet – og at ein føresetnad her er berekraftig bruk av naturen vår. På den måten kan også planen gje nødvendige føringar for kommunane si arealbruk i ei tid der naturen blir bygd ned eit stadig høgt tempo.
- Planen i større grad diskuterer besøksstrategi mm., slik at meir aktivitet skjer på naturen sine premissar. Aktuelle forslag her bør i større grad inn i handlingsplanen.
- Det blir tatt med i planen at friluftslivet er eit lågterskel-tilbod, og også noko om *korleis* fylket i større grad kan bidra til at folk i alle aldrar blir klar over dei tilboda som faktisk er, slik at terskelen blir ytterlegare senka.
- Det i planen blir større fokus på innovative, smarte løysingar på berekraftig bruk av naturen, inklusiv drift av friluftslivsanelegg og restaurering av områder med mykje slitasje. Her trengs det kanskje fleire insentiv inn i ordningar for friluftslivet – i form av tilskot, kompetanse, mm. – for å finne gode løysingar på berekraftig bruk av naturen til friluftsføremål.

Kultur bygger samfunn – eit godt overordna slagord

Her er det viktig at omgrepet kultur også er likestilt for alle aktørar, sli som til dømes idrett, friluftsliv, kunst, dans, song osv.

Tittel på planen – friluftsliv må med

Vi opplever at ein ikkje er konsekvent når det gjeld tittelen til planen i dei tre dokumenta som ligg på høyring, og vi meiner at *friluftsliv* må bli ein del av planen sin tittel.

Friluftslivet er ein like stor og viktig faktor for gode bu- og levevilkår i eit samfunn, og bør derfor framhevast på lik linje med omgrepa kultur og idrett. Frivilligheita er ein særskilt viktig forutsetning for både kultur, idrett og friluftsliv, og inngår derfor i desse overordna temaa.

Rekruttering

Vi veit at det å knytte til seg frivillige, er noko som «alle» opplever som utfordrande. Noko som også har kome fram frå fleire aktørar og organisasjonar, er at dei saknar at dette med mobilisering av frivillige – og det å gjere det attraktivt for folk å bidra som frivillige – ikkje er med i planen. Fordi ein er avhengig av frivilligheit for mange tilbod i kommunar og fylker, så bør det også i planen vere eit stort fokus på god rekruttering av frivillige innan kultur, idrett og friluftsliv.

Eit verkemiddel kan vere fleire profesjonelle frivillige. Her kan fylkeskommunen bidra med at det vert fleire midlar som det vert mogleg å søkje om til drift. Per i dag er svært mange søknadsordningar øyremerkta til prosjekt. Vi treng kontinuitet og moglegheit til langsiktig planlegging, så meir til drift og mindre til prosjekt vil her vere eit godt verkemiddel. Dette må ein og fokusere på ovanfor statlege midlar.

Det er viktig å vise folk at frivilligheit gir moglegheit for medverknad: At ein blir høyrtd og kan få til ting i samarbeid. Spesielt ungdom treng arenaer der dei føler seg sett og høyrtd, og der dei opplever at dei har ein fin moglegheit til å påverke eigne liv i form av medverknad i kultur, idrett og friluftsliv.

Frivillig arbeid er ein ypparleg arena for integrering og inkludering. Å delta i kulturliv, idrett og friluftsliv er ein perfekt arena for å bli kjend med folk, kultur, språk, og å oppleve moro og meistring. Dette gjeld alle folk i alle aldrar.

Barn og unge

Friluftslivet er ein glimrande arena og aktivitet for å skape samhold og trivsel hjå barn og unge. Vi meiner at planen i større grad bør ta dette innover seg, og også vere meir konkret når det kjem til dette. Her kan vi nemne aktuelle eksempel turlaga sine turboklubbar – som er eit lågterskel tilbod til barn – og også det nye prosjektet *Friluftsliv for barn og unge* i regi av NJFF Sogn og Fjordane (ved Bjarne Huseklepp mfl.), som i første omgang skal etablerast i kommunane Kinn, Hyllestad, Luster og Gloppen, med oppstart neste år. NJFF Sogn og Fjordane har i byrjinga tatt på seg ei koordinerande rolle i arbeidet med *Friluftsliv for barn og unge*, men etter kvart tenker vi at det er naturleg at kommunane sjølv samordnar dette arbeidet. Når natur- og friluftslivsorganisasjonane samarbeider på regionalt og lokalt nivå har vi potensiale til å skape eit større aktivitetstilbod for barna – mellom anna ved hjelp av ein *felles aktivitetskalender for barn og unge*.

Etter vår meining er friluftslivet nedprioritert til fordel for kultur og idrett når det gjelder barn og unge, og eit viktig formål med den aktuelle planen bør derfor vere å auke prioriteringane og midla til friluftslivstilbod for barn og unge.

Folkehelse

Betydninga av natur og friluftsliv er viktig for folkehelsa generelt – for alle grupper i befolkninga. Dette meiner vi må komme mykje tydelegare fram i planen. Friluftsliv er også ein sterk identitetsfaktor; det er mange som driv ei eller anna form for friluftsliv – organisert eller ikkje organisert, har friluftslivet potensiale til å ha betydning for dei aller fleste innbyggjarane i fylket. Dette må tydelegare fram i planen.

Natur og berekraft

Forvaltning av naturareala blir jo fort tema for arealplanar, men sidan naturen spelar ei såpass stor rolle i friluftslivet og sidan den er arena for friluftslivet, så bør ein i større grad fokusere på natur som noko som må tas vare på, til glede for dei som bruker naturen til friluftsliv.

Å ta vare på natur inneber berekraftig bruk av naturen. Det må ein ha inn planar for korleis område blir brukt, spesielt kor mykje ein brukar områda og kor tilpassa områda skal vere til aktivitet. I tillegg bør ein ha med viktigheita av det å restaurere områder som har vorte prega av mykje bruk.

Vi har ein unik og svært variert natur i Vestland fylke, med brear, høge toppar, djupe dalar, kyst og fjordar med meir. Dette gir moglegheiter for å utøve friluftsliv på svært varierte måtar, for alle aldersgrupper. Den store variasjonen er noko av det som karakteriserer fylket vårt. Vi meiner planen i større grad må fokusere meir på moglegheitene som den varierte naturen gir – noko som også heilt openbert kan vere med å skape auka bulyst også i dei delane av fylket som har demografiske utfordringar.

«Ei god forvaltning av kultur- og naturarven skal vere grunnlaget for sosial, miljømessig og økonomisk berekraft» står det i punkt 4 under berekraft. Ein bør legge opp til bruk av natur på ulike måtar – og også sporlaus ferdsel, der det er mogleg. Og tilrettelagd ferdsel der det kan gjerast på gode, berekraftige måtar.

Areal og naturressursbruk

Det er veldig gode refleksjonar rundt temaa balansert areal og naturressursbruk i temaplanen – men korleis legg vi til rette for at folk flest skal komme seg ut i naturen samstundes som vi ikkje raserer den?

Som nemnt over, finst det ei setning i handlingsplanen som adresserer forvaltning av natur: «Ei god forvaltning av kultur- og naturarven skal vere grunnlaget for sosial, miljømessig og økonomisk berekraft», står det i punkt 4 under berekraft. Det er også slått fast i planen at «kultur- og naturarven i Vestland skal vere basis for verdiskapning» og at «heile Vestland skal takast i bruk i den kulturelle verdiskapings, på naturen sine premisar». Dette er flotte ord – og like vanskeleg å gjennomføre.

Derfor treng desse punkta meir kjøt på beinet: Korleis skal ein greie det? Kva innovasjon trengst for at vi kan auke bruken av naturen og få folk ut, utan at det går utover det tilbodet av natur, nærmiljø-natur, urørt natur og alt imellom?

Det startar med kompetanse, gode planar, innovasjon og kreativitet. Det kan derfor vere ein ide å auke tilskot til innovasjon og berekraftig utvikling innan friluftslivet?

Til slutt ynskjer vi fylkeskommunen lykke til med slutføringa av denne viktige planen.

Venleg helsing,

Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane

Forum for natur og friluftsliv Hordaland

v/ koordinatorene Ket Fossen og Gunvar Mikkelsen

FNF Sogn og Fjordane og FNF Hordaland er to samarbeidsforum for natur- og friluftslivorganisasjonar i Vestland fylke, som arbeider for å ta vare på natur- og friluftslivsinteressene i fylket. Per i dag er det til saman 23 organisasjonar tilslutta dei to samarbeidsforuma, med til saman nærare 60 000 medlemmar i Vestland fylke.